

- SIL FOTBALLGRUPPA -

DIVERSE

SESONGEN

1994

Framifrå mimrefotball



Årgang 55-58 stod for den mest stilfulle presentasjonen av laget sitt då dei kom inn på bana i Strandahallen. Her er det samla mykje fotballrøynsle. Framme frå venstre: John Kåre Storås, Stein Nærø, Petter Melchior, Torgeir Aaland, Karsten Helstad og Stein Ivar Krohn. Bak frå venstre: Stig Rødseth, Hermod Hagen, Eivind Vågsæther, Sveinung Ørjasæter og Rolleiv Sve.

Det var kjempestemming i Strandahallen sjette juledag, då SIL-Fotballgruppa, med Asbjørn Hjelle i spissen, for fyrste gong skipa til mimrecup i fotball. Om lag 150 tilskodarar møtte fram for å sjå på dei 16 påmelde laga med i alt 122 spelarar. Strandafotballen sit att med 13-14.000 kroner i kassa etter den vellukka tilskipinga.

Av Sigurd Drege

Mange av deltakarane hadde ikkje sett kvarandre på svært mange år, og gjensynsgleda var stor. Praten gjekk livleg både om gamle dagar og om kva ein driv på med no for tida. Den gode stemninga mellom spelarane spreidde seg til tribuna, og tilrop og lått var jamnt å høyre.

Hållstein Brudevoll sitt forsøk på brassespark og Jørn Gjørde si scoring på direkten frå midtlina, får stå som dei beste sportslege prestasjonane i turneringa der det

etter vår meining til slutt vart litt for viktig å verte beste laget.

Sigeren gjekk til Junior-94, og kan hende er det ein tankevekkjar at laget ikkje stilte mannskap i serien siste sesong. Spele fotball kan dei iallfall.

Asbjørn Hjelle seier i ein kommentar til Sunnmøringen at han er overvelda av oppslutninga både frå aktive og publikum som tok seg tid til å bruke dagen i Strandahallen.

– Dette må gjerast opp att neste år, slår han tydeleg fast.